



Kari Bråtun, Pål Haugland og Ingebjørg Haugland hadde ein flott skidag i Øystese.

**Sundag gjekk det årlege Torefjellsrennet av stabelen.
Sola skein i Øystese og det var flotte skiforhold.
På startstreken på Sjusete skistadion stilte 3 uskedelinger**

I 13-16 årsklassen stilte Kari Bråtun og Ingebjørg Haugland. Dei gjekk 11 km. fristil og Kari kom inn til ein 2.plass på tida 47:15 medan Ingebjørg enda på 4.plass på tida 47:45.

I klassen 61-65 år gjekk Pål Haugland. Han måtte rundt løypa to gonger, noko som tilsvara 22 km. Han enda på 2. plass på tida 1:33:41, berre 2 sek. bak førstemann i sin klasse.

Kjersti Bråtun stilte og til start i trimklassen på 11 km. utan tid, og fullførte rennet.

Det stilte også andre skiløparar frå Kvinnherad

Arrangørane skal ha ros for fullføringa av eit feilfritt arrangement.